

MØTEBOK

Styringsgruppa kompensasjonsmidlar
Hordaland

Via mail

Sak 01/15

Klage på vedtak i samband med avslag på søknad HAKU støtte marknadsføring

Bakgrunn

Stiftinga Hardanger Kunstskeule starta opp i januar 2013 og er ein privat skule lokalisert til Norheimsund. Skulen får økonomisk støtte til drifta frå staten der storleiken på støtta vert fastsett på grunnlag av elevtalet. Ein ligg no i eit grenseland for eit elevtal som kan sikra balanse i drifta og det må gjerast eit marknadsføringsarbeid for å retta på dette. Skulen har tidlegare fått støtte frå kompensasjonsmidlane med kr 600.000 i samband med oppstarting.

Kvam herad har profilert seg som ein attraktiv stad å bu for kunstnarar og mange av desse har ved sida av eigen kunstproduksjon og arbeid som lærarar/instruktørar på HAKU. Å sikra framtida til skulen vil dermed også ha betydning for desse. HAKU er framleis i ein etableringsfase og ei støtte til marknadsføring for å få auka elevtalet kan vera avgjerande for framtida til skulen.

Stiftinga Hardanger Kunstskeule søkte på dei utlyste Kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift. Søknaden gjaldt ekstraordinære midlar til marknadsføringstiltak. Skulen har i oppstarten hatt noko lågare elevtal enn budsjettert.

Skulen, som er ei ideell stifting, har ikkje eigarar som står bak dersom det er behov for ein ekstra innsats utover det som er normale driftsinntekter framskaffar. Innsøkinga i oppstarten har vore noko under det som har vore budsjettert. Det er difor nødvendig å setja inn ekstra ressursar på marknadsføring i denne fasen.

Det er søkt om kr 300.000,- i støtte i 2014 og kr 150.000 i 2015 og kr 100.000 i 2016.

I Kvam har Kvam Næringsråd gjeve innstilling til søknader – før dei går vidare til styringsgruppa. Til søknaden frå HAKU vart det gjort følgjande tilråding:

Tilråding:

Det vert tilrådd at det vert gjeve kr 500.000, men denne saka høyrer truleg inn under Innovasjon Norge. . Eventuell støtte for 2015 og 2016 må vurderast etter seinare søknader.

Styringsgruppa for bruk av kompensasjonsmidlar

Dagleg leiar i Samarbeidsrådet for Sunnhordland er sekretariat for styringsgruppa for bruk av kompensasjonsmidlar. I dette ligg blant anna saksutgreiing av søknadar. Det inneber også ei vurdering opp mot gjeldane kriteria. Innstillinga vert deretter drøfta i eit Arbeidsutval med fem representantar frå styringsgruppa, før det går vidare med ei innstilling til styringsgruppa som gjer endeleg vedtak. Deretter går planen til Hordaland fylkeskommune.

Det er ikkje Samarbeidsrådet for Sunnhordland som har innstillingsansvar ovanfor Fylkesutvalet, slik det kjem fram i klagen.

Styringsgruppa gjorde følgjande innstilling:

Vurdering opp i mot kriteria

Søknaden er i frå ei bedrift som ikkje oppfylle kravet om lønskostnader på over 15.mill. kroner og går på støtte til marknadsføring. Marknadsføring fell inn under drift og kan ikkje støttast.

Styringsgruppa vurderer_ at søknaden fell utanom kriteria for bruk av kompensasjonsmidlar går inn for at søknaden ikkje vert stetta. Hovudkriteriet er at søkjar ikkje fyller krava som vert stilt for å søkja.

Det er dette vedtaket det no vert klaga på.

Ny vurdering

Klagar er samd i at søknaden er i frå ei bedrift som ikkje oppfyller kravet om lønskostnader på over 15.mill. kroner, men argumenterer for at skulen er ein regional utviklingsaktør. Det kan nok skulen definerast som, men det er i seg sjølv ikkje eit kriterium for å få stetta ein søknad. Det burde likevel ikkje vera eit hovudkriteri åleine, slik tilrådinga seier.

Søknaden går på støtte til marknadsføring. I kriteria for bruk av midlane kan ikkje midlar nyttast til drift. I vurderinga er dette vektlagt. I vurderinga er det ikkje lagt vekt på at HAKU framleis er eit prosjekt, slik klagar påpeiker, då det i søknaden kjem fram at skulen har vore støtta med offentlege midlar sidan 2008.

Søkjar argumenterer for at det i følgje dei sentrale føringane for regionale utviklingsmidlar kan følgje eit prosjekt inntil 5 år. Sekretariatet har i si vurdering sett på midlar frå Regionalt Næringsfond i Hardanger som regionale utviklingsmidlar. Det er løyvd midlar frå fondet i perioden 2008-2013.

Framlegg til vedtak

Styringsgruppa rår Hordaland fylkeskommune til å oppretthald vedtaket om ikkje å stetta søknaden

Vedtaket

Samrøystes